

Strategi for bærekraft og samfunnsansvar

Dokumentadministrator: Andreas Fristad Hop
Godkjent av: Oddstein Haugen

Gyldig fra: 07.06.2021
Revisjonsfrist: 07.06.2022

Revisjon: 1.0
ID: 7805

Godkjent i styret 26.03.2021

Innhold

Strategi for berekraft og samfunnsansvar

Innleiing

Ansvareleg

Ambisjon og hensikt

Rammevilkår

Rammevilkår klimarisiko

Rammeverk berekraft:

Samfunnsansvar

Retningslinjer

Kredittpolicy

Klima- og miljøforhold

Sosialt

Styresett

Finansiering

Retningslinjer for innlån

Forvaltning av banken sine eigne investerings-midlar

Miljøpolicy for kundeprodukt

Spareprodukter

Fondsforvaltning

Miljømål kundeprodukt

Banken sin klimarisiko

Intern rapportering

Offentliggjering av informasjon

Evaluering av eige arbeid

Innleiing

Dette er Luster Sparebank sitt strategidokument for samfunnsansvar og berekraft. Dokumentet byggjer på strategiplan 2021-2023.

Ansvareleg

Ein av våre verdiar er ansvarleg. Berekraft er ei naturleg vidareutvikling av rolla til banken. Me skal drive etter sunne, forretningsmessige prinsipp, til beste for kundane og lokalsamfunn. Banken har utarbeidd handlingsplan, målsettingar og retningslinjer basert på fleire rammeverk. Blant anna FN sine berekraftsmål og EU sitt arbeid med berekraftig finans og TCFD rammeverket for klimarisiko.

Ambisjon og hensikt

Luster Sparebank jobbar med berekraft for å bidra til eit betre miljø, støtte opp under EU sitt mål om reduksjon av klimautslipp, styrke konkurransekrafta til banken, få kontroll på klimarisiko og være attraktiv for kundar og andre interesser. Luster Sparebank skal skape konkurransefortrinn gjennom å integrere berekraft i alle forretningsområder. Banken har som mål å framleis være sertifisert som Miljøfyrtaarn bedrift.

Rammevilkår

Rammevilkår klimarisiko

Finanstilsynet: <https://www.finanstilsynet.no/tema/klimarisiko/>

Rammeverk berekraft:

EU taxonomy: Definisjon på grøne aktiviteter https://ec.europa.eu/info/business-economy-euro/banking-and-finance/sustainable-finance/eu-taxonomy-sustainable-activities_en

FN sine berekraftsmål: <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal?lang=nno-NO>

UN Global Compact: <https://globalcompact.no/>

Miljøfyrtårn: https://www.miljofyrtarn.no/sok-sertifiseringskriterier/#avansert_sok_kriterier

Samfunnsansvar

Det å vere ein sterk og sjølvstendig sparebank er ein viktig del av visjonen vår. Banken bidrar kvart år med fleire millionar til frivillige lag, ideelle organisasjonar og aktiviteter som skal fremme livskvalitet eller folkehelse. Me har strenge regelverk knytt til antikvitask arbeid. Arbeidet med å bekjempe korruption, kvitvasking, terrorfinansiering og anna økonomisk kriminalitet står sentralt i banken si forretningsdrift. Banken har etisk regelverk som alle tilsette følgjer. Me skal ta vare på våre tilsette og være ein inkluderande arbeidsplass som fremmar likestilling. Me har verneombod og er registrert IA-bedrift. Dei tilsette si eiga foreining får årleg støtte frå styret til å gjennomføre sosiale aktivitetar for tilsette og dei tilsette sine familiarar. Ambisjonen til banken er ikkje å ekscludera kundar som ikkje er berekraftige, men å påvirke dei til å ta berekraftige val.

Retningslinjer

Luster Sparebank har utarbeidd retningslinjer for fleire av aktivitetane våre. Kjerneaktivitetene til banken er utlån/kredittgjeving og plassering. I tillegg har banken midlar i fond. Banken usteder obligasjonar, både direkte som utsteder men og gjennom samarbeidet med Verd Boligkreditt AS.

Kredittpolicy

Banken skal til ei kvar tid følga nasjonale lover og retningslinjer som gir føringar for kreditstrategien. Som lokal sparebank er banken oppteken av å kunne vera med å vidareutvikla både privatkundar og bedrifter med å yta kreditt innanfor ei råme den enkelte kunde kan handtera.

Banken har ein del kundar innan næringar som kan vera utfordrande sett frå miljø- og klima perspektivet. Dømer på dette er landbruk, entreprenørar og eigedomsforvaltning. Banken ynskjer å vera med å fremja berekraftige val hjå kundane for å bidra til auka bevisstgjer og meir miljøvenlege næringar. Banken kan for eksempel bidra med lån til elektrifiserte motorkøyretøy og lån ENOVA støtta bygg eller oppgraderingar av bygg. Ambisjonen er å få på plass «grøne lån» til privatkundar og næring i løpet av 2021.

Banken skal være ein god og ansvarleg leverandør av finansielle tenester. Det betyr blant anna at me har eit aktivt antikvitask arbeid.

Det er oppretta eit eige dokument med retningslinjer for berekraftige kredittprosesser. Sentralt i dette arbeidet står dei tre pilarane: miljø, sosialt og styresett. Dette er betre kjent som ESG (Environmental, Social, Corporate Governance). Ved større lånesøknader frå bedrifter skal det gjennomførast analyse av klimarisikoene til bedrifta og eller låneformålet.

Klima- og miljøforhold

Banken kan påverka kundane til både å investera og finansiera «grønt». Banken skal og ha eit bevig forhold til kvar banken plassera midlane og hentar inn kapital. Bedrifter som ikkje tar ansvar for miljøet kan oppleve å miste konkurransefortrinn og dermed få lågare inntening.

Sosialt

Banken har eit ansvar for å hjelpa kundane gjennom kriser og vera med på å vidareutvikla dei i størst mogeleg grad utan å setta negative fotavtrykk på miljøet. Å gje kredit til bedrifter som ikkje fremmar likestilling, menneskerettar og andre sosiale forhold vil innebære ein risiko.

Styresett

Luster Sparebank skal vurdere bedrifter sin leiande kompetanse ved større kreditsøknader. Bedrifter som ikkje evner å omstille seg til eit grønt skifte kan utgjere ein risiko.

Finansiering

Med finansiering meina me banken sin finansiering av eigendelane. Ca. 80% av banken sin finansiering er kundeinnskot, 10 % er opptent eigenkapital, resten er innlån.

Retningslinjer for innlån

Banken har utstedt eigne obligasjonar. Banken er del-eigar av Verd Boligkreditt AS og overfører lån til Verd som igjen utsteder obligasjonar med fortrinnsrett (OMF). I tillegg låner banken inn pengar frå Kreditforeningen for Sparebanker (KFS). Banken ynskjer å konvertere ein del av utlånsmassen i Verd slik at me kan overføre lån som kan

kvalifisere til å inngå i ein eventuell «grøn» OMF. Me vil difor påvirke Verd Boligkreditt til å etablere retningslinjer som gjer dei i stand til å utstede «grøne» OMFar.

Miljømål finansiering:

Identifisere eksisterande utlån som vil kvalifisere til å inngå som sikkerheit for grøn OMF og etablere grøne utlånsprodukt som kan inngå som slik sikkerheit. Banken skal etablere ei portefølje med slike utlån på minst 10 millionar innan utgangen av 2021.

Forvaltning av banken sine eigne investerings-midlar

Luster Sparebank har til ei kvar tid eigendalar i ein eller fleire av følgjande aktiva klassar: aksjar, eigenkapitalbevis, obligasjonar, aksjefond, pengemarknadsfond og obligasjonsfond. Størsteparten av plasseringane er likviditetsreserve. Øvrige plasseringar er strategiske investeringar. Størsteparten av likviditetsreserven er plassert i papir som oppfyller myndighetskrav til teljande verdipapir i banken sin utrekning av likviditetsreserve (LCR og NSFR). Banken vil undersøke moglegheitene for å gjere desse plasseringane så berekraftig som mogleg.

Miljømål investering:

Likviditetsplasseringar som ikkje har strategisk formål og som ikkje treng å stette krava til LCR eller NSFR vil banken plassere i fond som er merka med ein eller anna form for berekraftig indikator. P.t. utgjer dette ca. 60 mill.

«Strategi likviditetsrisiko» og «Fullmakt-Likviditetsplassering og inntak av likviditet» må oppdaterast slik at det nye målet blir tatt inn i rutinane.

Miljøpolicy for kundeprodukt

Banken har utarbeidd plan for å etablere kundeprodukt med grønt fokus. Formålet med slike produkt er å gjere kundane bevisste i sine val og tilby berekraftige produkt i marknaden. Det er utarbeidd eigne retningslinjer for spareprodukt, fondsforvaltning og eigne måltal for grøne produkt.

Spareprodukter

Banken har utarbeidd eigne retningslinjer og plan for å etablere grøne spareprodukter. Grøne innskot skal i sin heilheit plasserast vidare berekraftig.

Fondsforvaltning

Luster Sparebank er distributør for fleire fondsforvaltere. Gjennom aksje- og fondsportalen til Norne Securities AS kan kundane våre gjere investeringar i eit rikt utval av fond og handle aksjar på Oslo Børs. Våre retningslinjer for fond er nedfelt i eit eige dokument.

Miljømål kundeprodukt

Måltala er beskrive i eige dokument.

Banken sin klimarisiko

Luster Sparebank har utarbeidd eigen plan for å innføre klimarisikorapportering etter TCFD-rammeverket.

Intern rapportering

Styret får kvartalsvis rapportering på korleis banken ligger an i høve miljømåla.

Klimarisiko skal inngå i banken sin øvrige risikorapportering til styret.

Berekraftsgruppa i banken vil kvartalsvis legge fram status på dei tiltaka som er etablert for å nå måla.

Offentliggjering av informasjon

Banken sitt arbeid med berekraft skal offentliggjerast på eigne heimesider, gjennom sosiale media og i banken sin årsrapport.

Evaluering av eige arbeid

Berekraftsgruppa i banken vil årleg evaluere eige arbeid. Målloppnåing, status på tiltak og vurdering av behov for ytterligare tiltak er naturlege evalueringsspørsmål. Styret bør og evaluere arbeidet med berekraft og måloppnåing minst ein gong kvart år. Berekraftsgruppa vil i 2021 evaluere tiltak, måltal og arbeidet som blir gjort fleire gonger.

Vedlegg:

- TCFD
- Plan for kundeprodukt, inkl. miljømål
- Retningslinjer for kundeprodukt
- Fondsforvaltning og likviditetsplassering
- Berekraft i kreditprosess